



Også gutane vart puljevinnarar. (Foto: Rosendal Turnlag si heimeside)

Det er no klart at også gutelaget til Rosendal går vidare til A-sluttspølet. Etter ein flott gjennomført kamp tirsdag førmiddag slo dei det russiske laget Marienburg-Gatchina 3-1. Dermed er og rosendalslaget puljevinnarar med to sigrar og ein uavgjort i innleiingsspelet.

Rosendal var det klart beste laget, og dei tok leiinga 1-0 då Vegard Ludvigsen scora på frispark. Utover i kampen dominerte Rosendalslaget, og det resulterte mellom anna at det small to ganger i tverrliggjaren og to ganget i stengene. Dei mange sjansane førte og til fleire mål. Vegard Fosse scora etter corner før Jostein Sandvik sette inn det tredje målet på eit langskot frå eigen banehalvdel som var innom ein russisk spelar. Det fortel og litt om dominansen at det russiske laget berre klarte å spela seg til ein liten målsjanse i første omgang,

Då dommaren bles for kampslutt var resultatet 3-1. Dermed er Rosendal klar for A-sluttspel som puljevinnarar med 7 poeng. Det skal verta interessant å følgja laget vidare etter det fine spelet i innleiingskampane. Desse Uskedelingane er med i Rosendalstroppen: Dag Rune Myklebust, Benjamin Taranger, Thomas Halvorsen og Torbjørn Steinsvik.

Det russiske laget fekk sitt første tap i denne kampen, men dei går også vidare til A-sluttspølet då dei vart nummer to i pulja med to sigrar og dermed seks poeng.

Av Thor Inge Døssland

Også gutelaget vart puljevinnar i Norway Cup (Foto: Rosendal Turnlag si heimeside)